



Møyfrid Kristoffersen, som leiar TV-aksjonen i Uskedalen, i gang med førebuingane i Gamleskulen. Ho har med seg 11 månader gamle Ida Kristoffersen Øyjord, som ho er bestemor til og som bur i Rosendal. (Foto: Ola Matti Mathisen).

- Ta godt i mot bøsseberarane søndag ettermiddag. Hugs at det er barna, vår framtid, det gjeld! Det seier rodeleiar for Uskedalen Møyfrid Kristoffersen når ho førebur aksjonen i "basen", som er Gamleskulen. Dei 12 bøssene som bygda er tildelt står klare for ivrige innsamlarar frå klokka 14.30 i morgon.

Møyfrid, som sjølv arbeider for rusmisbrukarar, viser til kva fagkoordinator på rus i kommunen, Marit Teigen, seier til Grenda laurdag:

- Det er veldig bra og viktig at det blir sett fokus på rusmisbruk og konsekvensane av dette, for det aller mest triste er barn som lir i kjølvatnet av det. Svært mange rammast, men ein snakkar liksom ikkje om slikt. Det blir lett eit tabu for folk. Skamma knyta til rus er stor og det er knytt mange fordommar til han..
Og manglande openheit blir i seg sjølv eit hinder for hjelp.

Teigen held fram at TV-aksjonen er vel så mykje ein haldningskampanje som ein innsamlingsaksjon. Ho vonar at aksjonen vil føra til auka openheit og haldningsendring både i det private og offentlege rom. Det vil vera eit bra steg slik at både barn og foreldre som blir ramma vert sett, tekne på alvor og tek i mot hjelp.

Av Ola Matti Mathisen